



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8093 - 22/49424

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
23.06.2022

Oversender vedtak om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom for bustad til endeleg avgjerd ved Settestatsforvaltaren - gbnr 349/81 lo

Saksopplysningar

Eigedom: gbnr 349/81 lo
Adresse: levegen 209 og 211 Rosslund
Tiltakshavar/eigar: Kristoffer Søderstrøm, Levegen 2019, 5917 Rosslund v/Jens Bjordal
Klagar: Statsforvaltaren i Vestland

Saka gjeld

Saka gjeld klage frå Statsforvaltaren i Vestland på politisk vedtak fatta av Utval for areal, plan og miljø (APM) i sak 21/8093, med saknr. 029/22, datert 23.03.2022, om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom for bustad - gbnr 349/81 lo.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 15.06.2022 med saknr. 097/22, der Alver kommune sitt vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom for bustad - gbnr 349/81 lo vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje:

«APM- 097/22 Vedtak:

Utval for areal, plan og miljø opprettheld vedtak i sak 21/8093 saksnr. 21/87601 datert 03.01.2022, og vedtaket vert ståande.»

Det beror på ein inkurie at APM viser til sitt administrasjonen sitt avslag i sak 21/8093 saksnr. 21/87601, datert 03.01.2022. APM viser imidlertid til sitt positive vedtak i sak 21/8093, med saknr. 029/22, datert 23.03.2022, som gav dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom for bustad - gbnr 349/81 lo. Det er det positive vedtaket frå APM som gav dispensasjon som vert oppretthalden i møtet den 15.06.2022. Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland vart ikkje tatt til følgje.

Dette styrkes av det faktum at vedtaket i sak 21/8093, med saknr. 029/22, datert 23.03.2022 opphevar administrasjonen sitt vedtak i sak 21/8093, saksnr. 21/87601 datert 03.01.2022. Det

administrative vedtaket om avslag på dispensasjon av 03.01.2022 eksisterar ikkje meir i motsetnad til det politiske vedtaket frå 23.03.2022 som gav dispensasjon.

Vedtaket i sak 21/8093, med saknr. 029/22, datert 23.03.2022, om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom for bustad - gbnr 349/81 lo har følgjande ordlyd:

«APM- 029/22 Vedtak:

Klagen vert teken til følgje og vedtak i sak 21/8093, saksnr. 21/87601 datert 03.01.2022, vert oppheva. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppretting av ny grunneigedom, på gnr 349/81 på lo. Grunngevinga for å gje løyve til dispensasjon etter at APM har vert på synfaring er vist i følgjande kulepunkt nedunder:

Det er ikkje produktiv skog på eigedomen.

Eigedomen ligg ved anna busetnad, inntil fleire frådelt tomter og er dermed eigna for fortetting.

Tilhøva til vatn og avlaup er avklart.

Tomta ligg på en haug med fleire frådelt tomter rundt.

Bygda lo treng tilflytting av yngre familiar, og det er difor busettingsomsyn knytt til saka.

Eitt løyve til dispensasjon vil byggja opp under at Alver kommune er pårekeleg, og vil vera med på å styrke Alver kommune sitt omdømme i denne type saker.

Etter ei samla vurdering meiner APM-utvalet difor at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2, og at ved å stilla vilkår om gjerdeplikt vert dette styrka. Utvalet kan heller ikkje sjå at omsyna som ligg nedfelt i kommuneplanen vert vesentleg tilsidesett ved å gje dispensasjon for omsøkt grunneigedom.

Det må følges opp med grunngevingen søknad frå arealformål grønnstruktur og vedtak i søknad om frådelling. APM ber admistrasjonen følgje opp med formelt vedtak."

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland ved Settestasforvaltaren for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Vi gjer merksam på at Statsforvaltaren i Vestland har opplyst at saksbehandlingstida er mellom ein og tre månader. I tillegg kjem saksbehandlingstida hos Settestatsforvaltaren.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom for bustad-
gbnr 349/81 lo
Klage på dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom for bustad - gbnr 349/81 lo
Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet samt søknad om oppretting av ny
grunneigedom for bustad- gbnr 349/81 lo
Klage på avslag om deling av eigedom
Signert avtale vedr bruksrett til vei knytte seg til vann og kloakk
Avslag på søknad om dispensasjon og deling - gbnr 349/81 lo
Uttale frå landbruksavdelinga til søknad dispensasjon og deling av bustadtomt - gbnr 349/81 lo
Søknad om dispensasjon og deling til uttale - gbnr 349/81 lo
Uttale til dipensasjon for frådelig av bustadtomt - gbnr 349/81 lo
Kart/Grunnkart
Flyfoto over omsøkt parsell.
Høgdekurver på omsøkt tomt
Merknad til Statsforvaltar sin uttale
Uttale frå landbruksavdelinga til søknad dispensasjon og deling av bustadtomt - gbnr 349/81 lo
Søknad om dispensasjon og deling til uttale - gbnr 349/81 lo
Uttale til dipensasjon for frådelig av bustadtomt - gbnr 349/81 lo
Søknad om ny grunneiegedom - gbnr 349/81 lo
Melding frå sækjar
Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen(Meland) for frådeling av bustadtomt og
bygging av bustad i LNF-området
Kart/Grunnkart
Div. vedlegg
Klageavgjerd i byggesak - dispensasjon for frådeling vert ikkje gitt - gbnr 641 Myksvoll øvre
Kart M 1 2500. Vedlegg til merknad til Statsforvaltaren sin klage
Uttale til Statsforvaltaren sin klage

Kopi til:

Jens Helge Nagell Bjordal	POSTBOKS 92	5906	FREKHAUG
Jens Helge Nagell Bjordal	POSTBOKS 92	5906	FREKHAUG
Kristoffer Søderstrøm	IEVEGEN 209	5917	ROSSLAND
Kristoffer Søderstrøm	IEVEGEN 209	5917	ROSSLAND

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------